

Årsmelding for Glesnes ungdoms- og idrettslag 2022



Styret 2022:

Ronja Glesnes	Leiar
Karin Sangolt	Kasserar
Unni Kausland	Styremedlem
Inge Kausland	Styremedlem
Anne Kathrine Tveit	Styremedlem
Maria Haganes	Styremedlem
Brigitte Haganes	Styremedlem
Kristoffer Hjellev	Styremedlem
Simon Hamre	Styremedlem

Sjøsport- og sykkelansvarleg:

Halvard Kallestad

Idrettsleiarar:

Lars Frode Grevle og Unni Kausland

Husstyrarar:

Ellen Pedersen og Bernt Vallestad

Informasjon:

Lena Jensen Glesnes

OPPSUMMERING 2022

2022 var endeleg eit steg nærmare «normalt» år i GUIL med masse flotte arrangement i minneboka



Påskequiz var som alltid fullbooka og god stemning. Ein tradisjon over mange år.

Ei eiga gruppe starta eit arbeid for å gjere skuleplassen på gamle Glesnes skule til ein samlingsplass i bygda med ulike aktivitetar både inne i gymsalen og ute, for folk i alle aldrar. Sparebanken Vest har støtta prosjektet "Nytt liv på skuleplassen" med kr. 200.000 og desse midlane skal brukast til å komme i gong med å lage leikeplass på området. Gjensidigestiftelsen har også støtta prosjektet med kr. 80.000 til utstyr til gymsalen, og utstyret er snart på plass. Det har vore arrangert fleire dugnadar med godt oppmøte der mykje arbeid har blitt gjort.



I slutten av april var det dugnadsdagar på ungdomshuset inne og ute. Ting blei kasta (me tippe Ellen ikkje har merka da endo), huset fekk seg ein god nedvask innvending, så alt skein til mellom anna årets konfirmantar som feira dagen sin der. Hekk, buskar og gras blei klippa, huset blei spylt og fekk eit nytt strøk med maling. Fint vær gjorde at detta blei ei triveleg og effektiv samling over fleire dagar for store og mange små hjelparar.



Strilaman triathlon 6. august blei ein folkefest med 51 deltakarar som fullførte, og eit stort og engasjert publikum i målområdet og langs løypa. Ekstra gøy er det at ein ny generasjon har teke over arrangeringa. Sjå meir frå Vestnytt: <https://www.vestnytt.no/nyheter/i/x8GenQ/strilaman-er-tilbake>

3. september blei det arrangert Strilaman Swimrun med 58 deltakarar, og Strilaman Swimrun Ung med 54 barn og vaksne. I usedvanleg varmt og flott septembervær blei dette nok eit vellukka Swimrun med svært nøgde deltakarar og publikum. Sjå flotte bilde frå både Swimrun og Strilaman på Facebook-sida til Strilaman: [Strilaman](#) | [Glesvær](#) | [Facebook](#)

Glesværløpet gjekk av stabelen 30. oktober med 81 deltakarar. Det blei gode tider i konkurranseklassane og var god stemning i turgjengen langs løypa. Som alltid var premieutdelinga ei kjekk samling med blide små og store. Bildeserie frå Vestnytt finn du her: <https://www.vestnytt.no/nyheter/i/RGzjOr/alle-kom-i-maal-trass-blaut-loeype>

24. september var det solgt nesten 100 billetter til «Dikt og song av verste sort! Kom og bli med på ein lyrisk kjempesnell!», med Jon Hjørnevik og Dagfinn Iversen. Ei kjempemorsom samling på huset, og latter til langt på kveld.

26. november kunne me ENDELEG arrangere fullbooka julabord igjen med festpynta hus, julestemning, lukta av pinnakjøtt og underhaldning av ypperste klasse!



45 flotte damer var samla på Huset 30. november, for å laga kransar. Nina frå Kysthagen hadde med masse ulike materialer som trylla fram dei finaste kransar. Ein kjempekoseleg ettermiddag med senka skuldrar og julestemning.

Me var og heldige i 2022 og få tildelt ein hjartestartar i sekk, frå «Ida's minnefond». Denne er plassert på dohuset på Sjøvang, og kan også nyttast med på ulike arrangement. Saman med denne fekk nokre medlemmar frå GUIL gå på hjartestartarkurs.

GUIL SYKKEL

2022 var eit fantastisk år i Spildepollen sykkelpark. Gjennom våren blei det ferdigstilt muring og me satte opp eit stort "dirt jump" heilt vest i parken. Me fekk også sponsa tidtakingsutstyr i pumptrack, som blir brukt meir eller mindre heile tida. Mange unge lokale har hatt stor progresjon innan denne type sykling sidan me opna parken og sykkelparken er framleis veldig besøkt.

I mai var det forsinka opningsarrangement og det blei ein braksuksess! Her var det konkurranse i pumptrack der både lokale deltakarar og profesjonelle hevda seg. Det var show med profesjonelle utøvarar og mykje moro. Me fekk også rigga opp det profesjonelle lydanlegget til GUIL som satte prikken over i'en denne dagen (mange lurte på om det var russefest i området!). Været viste seg frå si beste side, og antall besøkande var høgt!

Meir om opninga her: <https://www.oygarden.kommune.no/aktuelt/offisiell-opning-av-sykkelpark-i-spildepollen.55596.aspx>

Etter vårens investeringar i 2022 havna vi ca i 0 med saldo, det blir no søkt støtte til vidare utvikling av parken. Det som står først på planen er skateboard-område i betong og eit servicebygg.



NY SYKKELSTI

Terrensykkel-entusiastene i GUIL fekk i 2022 ein ide om at dei ville tilrettelegge stiar for sykling, og hadde fin dialog med grunneigarar før det blei rydda fram ein veldig flott sti som strekker seg over store delar av Glesvær. Runden er ein kombinasjon av gamle og nye stiar. Runden blei teke i mot med opne armar av både turgåarar og syklistar, og Sotra Øygarden turlag tek den med i det neste Kystpasset.

SJØVANG 2022

Året 2022 var som vanleg fylt med mykje aktivitet i det våte element. Sjøvang blei aktivt brukt av Allidretten, skuleklassar, basecamp Straume, Strilaman- arrangementa og eigenorganisert aktivitet og ein del kursing i nærmiljøet. Det blei også halde nokre selskap oppe på naustet. Gjestebyggga hadde jamnt besøk av båtturistar gjennom heile sesongen.

Me meiner at me er svært heldige som har Sjøvang. Me ser tydeleg på barn og unge som deltek i aktivitetane her kor trygge og dyktige dei er i sjøen og i handteringa av ulikt utstyr. Det er også kjekt å sjå at større ungdomar kjenner tilhøyre og kjem tilbake til senteret.


PRISAR:

Halvard Kallestad har vore ei sentral ildsjel i GUIL i ei årrekkje. Han står bak idear og gjennomføring av store prosjekt, i tillegg til løpande aktivitetar året gjennom som svært mange får nytte godt av. I samband med Frivilligåret 2022 delte Øygarden kommune ut prisar for «månadens frivillige», og i april vann Halvard denne. Ein av desse tolv vinnarane blei løfta frå på som «Årets frivillige 2022», og den prisen gjekk til Halvard. I tillegg fekk han «Idrettens heiderspris 2022» for arbeidet sitt. Me andre i ungdoms- og idrettslaget er svært stolte av dei velfortente prisane, som er til inspirasjon for å halde fram med gamle og nye prosjekt.

Les meir om prisane her:

<http://glesnesungdomslag.no/aktivitetar/frivilligpris/>

<https://www.oygarden.kommune.no/aktuelt/mange-fekk-prisar-pa-kultur-og-idrettsgallaen.60860.aspx>



GUIL AKTIVITET I SPILDAHALLEN

Våren 2022, var GUIL tildelt noko mindre tid enn det som det var søkt om. Tildelt halltid blei i hovudsak brukt av allidrettsgruppa og klatregruppa.

Klatring har hatt eit tilbod kvar måndag frå 17.30- 20.00. Tida er delt mellom born og vaksne, der vaksne har hatt tilbodet frå kl 19.00-20.00. Det er godt oppmøte.

BYGDATRIMMEN

Vaksenidrett/ bygdatrim, hadde ingen aktivitet/tider i hallen våren 2022. Ved ny tildeling av halltider for hausten 2022 og våren 2023, fekk GUIL innvilga halltider som var søkt om. Sjølv om vi fekk tildelt ei fin tid til «bygdatrimmen», tok det litt tid i haust med å kome i gang med aktiviteten. Når den først kom i gang har det vore eit godt oppmøte og så stor interessa at vi har kome i gang med trimdag nr to. På det meste har oppmøte vore på over 20 stk. Det er stor aldersskilnad på dei som deltek og gledeleg med deltakarar frå fleire av våre nabobygder (Telavåg, Forland, Tofterøy, Spilda).

Tider for «bygdatrim»:

MÅNDAG kl. 20.00-21.00 i Spildahallen

TORSDAG kl. 20.00-21.00 i gymnastikksalen på Glesnes skule.

Annonsering av tilbodet skjer via facebook/arrangement i gruppa «GUIL treningsgruppe». Her kan ALLE bli med! Per no har me over 160 potensielle deltakarar 😊

GUIL ALLIDRETT 2022

2022 og 10 år med GUIL's allidrettsgruppe, enda eit idrettsgledeleg år med stor aktivitet.

Antall barn har økt fra 74 i 2021 til 104 i 2022, som har 26 dyktige trenarar fordelt på 5 grupper:


1-2 klasse 🐡 3-4 klasse 🐡 5 klasse 🐡 6-7 klasse 🐡 8-9-10 klasse 🐡

Gruppene trenar onsdagar på ulike tider mellom 17.00 - 21.00. Me samarbeider på tvers av gruppene, har same terminliste og brukar nærområda. Trenarane har gjennomført livredningskurs og hatt flott Coasteeringsdag. I tillegg til trenarane stillar mange foreldre og besteforeldre opp og hjelper til.

Barna har vist stor og god progresjon på alle nivå. Årets høgdepunkt var som alltid å starte sjøsportsesongen! Den nye sykkelparken har og blitt ein stor hit! Gruppene har prøvd seg på ei rekkje ulike aktivitetar til lands og til vanns og fått mange fine naturopplevingar, til dømes Akerenn, Skøyterenn, Skirenn, 60 m., Kule, Lengdehopp, Hinderløype, Ballspill, Volleyball, Stafetter, Styrke, Kjerne, Forebygging, Sirkel, Nordøynarundt, Risøynarundt, Måsholmen-eksperiment, Aktivitetssløype, Kystpasstur, Sykkeltur, Yoga, Klatring, Sjøsportglede, Sup, Kajakk, Kano, Coasteering, Padling, Foil, Seilbrett, Windsurfing, Sykkelpark, Løpeteknikk, Sjøvettregler, Orientering, Sandvolleyball, Natlløype, Slåball, Håndball, Badminton. Fleire deltok også på Strilaman Swimrun Ung og Glesværløpet med stor iver.

I tillegg til idrettglede og helse, bidrar allidretten til at dei som er med blir godt kjent med nærområdet sitt og har det sosialt saman, meistrer i lag og støttar kvarandre. Me er også opptekne av å gi gode trygge råmer og tilhøyre til heimlassen.

Me avslutta 2022 med ei staseleg juleavslutning på ungdomshuset med underhaldning frå både barn og vaksne, samt nydela graut og nisse a'la Ellen.



GLESNES UNGDOMSHUS

Det flotte huset vårt har vore utleigd til både konfirmasjonar, bursdagar og anna sprell i år og. Me synst det er utruleg kjekt at folk vil nytta huset vårt 😊 **(ein liten påminning om leige: Medlemmar kan bere leige til medlemspris innad i hustanden)**

NY REVY

Det blir jobba med ny revy! Fleire skrivegrupper er i gang. Har du lyst å bidra på ein eller annan måte? Skrivning, framføring, scenearbeid, kostyme, kulisser, musikk, animasjon, dans, noko heilt anna? Ikkje nøl med å ta kontakt med Laura Hevrøy Telle: 91692178 eller Eivind Mortensen: 95744299.

GUIL har i 2022 vore medlem i:

- Norges Friidrettsforbund v/ allidrett Unni Kausland
- Norges seilforbund v/Halvard Kallestad
- Norges klatreforbund v/ Randi Glesnes
- Norges kajakkforbund v/ Sjur Krog
- Folkeakademiet Vest

I tillegg samarbeider vi spesielt med Handelstaden Glesvær og Sotra Øygarden turlag.

Glesnes Ungdomslag er på [Facebook](#) og [Instagram](#)- og arrangement og nyheiter annonserast der.

Det er våre kanalar for løpande informasjon – **LIK OG FØLG OSS** 😊

Strilaman - har [nettstad](#)/ eiga [Facebook-side](#)

Sjøvang – ei [eiga gruppe på Facebook](#) for oppdatering om vannsportsaktivitetar mm

GUIL klatregruppe – ei [gruppe på Facebook](#), som er ope for alle medlemmer og klatreinteresserte.

Spildepollen Sykkelpark – eiga [Facebook-side](#) for info. om sykkelparken, utleige av utstyr mm

GUIL treningsgruppe - ei [gruppe på Facebook](#) der «bygdatrim» vert annonsert.

Allidretten nyttar appen Spond og lukka grupper på Facebook.

[glesnesungdomslag.no](#) – [Nettstaden vår](#) med info. om å bli medlem om laget og div.

GUIL kan støttast gjennom Grasrotandelen hjå Norsk Tipping – Under «min side» i Norsk Tipping appen kan du sjølv legge oss til. Eller spør om hjelp der du tippar!

GUIL har VIPPS - #508246. Nyttast ved leige av utstyr på Sjøvang og ved ulike arrangement på og utanfor huset.

Økonomi – GUIL har ein sunn økonomi.

Tusen takk!

For ein innsats i 2022! For å få laget til å gå slik det gjer, er det folk som jobbar kontinuerleg på! Glesnes ungdoms- og idrettslag har utruleg mange aktive medlemmar som bidreg med frivillig arbeid for å gjennomføre løpande aktivitetar, arrangement og prosjekt.

I tillegg har me ei rekkje samarbeidspartnarar, sponsorar, støttespelarar og folk som deltek på det vi arrangerer.

Hjarteleg takk til deg som bidreg med ditt og til deg som heier på Glesnes ungdoms- og idrettslag!



Med beste helsing

Styret i GUIL

